

Kommunedelplan for rv. 5 Erdal - Naustdal

FØRESEGNER

Nasjonal arealplan-ID 464720200042

1. Formål

Kommunedelplanen skal avklare trasé med tilhørende anlegg for framtidig riksveg 5 mellom Erdal og Naustdal.

2. Generelle føresegner

2.1. Krav om reguleringsplan (pbl § 11-9 nr. 1)

Det skal utarbeidast detaljreguleringsplan for ny rv. 5 med tilhørende veganlegg og anleggsområde.

2.2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl. § 11-9 nr. 3.)

Ny hovedveg skal planleggast som to felts veg med utgangspunkt dimensjoneringsklasse H1.

2.3. Tilhøve som skal avklarast i vidare reguleringsarbeid (pbl-§ 11-9 nr. 8)

2.3.1.Veganlegget si nøyaktige plassering og utstrekning innafor planområdet skal fastsetjast i reguleringsplanen.

- a) *Reguleringsplanen skal minimum utgreie og samanlikne alternativ med berre ei ny køyrebru over Nausta og alternativ med 2 køyrebruer over Nausta.*
Optimalisering av veganlegget som omtalt i kapittel 0 i planomtalen skal minimum utgreiast i vidare planarbeid.

2.3.2.Reguleringsplan skal avklare plassering av anlegg for kollektiv i Erdal og i Naustdal knytt til ny veg.

2.3.3.Reguleringsplan skal avklare plassering av samanhengande turveg over Jarane mellom Øyravegen og Grimesetlia. Turvegen skal ha planfri kryssing av riksveg 5.

2.3.4.Det skal utarbeidast plan for massehandtering og inkl. ivaretaking av matjord. Fulldyrka mark som går tapt som følgje av ny riksveg bør erstattast ved nydyrking eller oppgradering av eksisterande jordbruksareal.

2.4. Krav om byggjegrænse, funksjonskrav m.m. (pbl § 11-9, nr.5)

Byggjegrænse er 50 m frå senterlinje av riksveg.

2.5. Andre generelle føresegner (pbl § 11-9 nr.1 til 8)

Generelle føresegner i gjeldande kommuneplan sin arealdel gjeld der det ikkje er motstrid med denne planen

3. Føresegner til arealformål (pbl §11-7) og omsynssoner (pbl § 11-8)

3.1. Føresegner til arealformål og omsynssoner frå gjeldande overordna planar (pbl §11-10 og § 11-11.

For arealformål etter pbl § 11-7 punkt 1, 3 og 5 og omsynssoner etter pbl § 11-8 punkt a, b og c gjeld føresegnene i gjeldande kommuneplan sin arealdel så langt dei ikkje er i motstrid med denne planen.

3.2. Sone for bandlegging i påvente av vedtak etter plan- og bygningslova (H710), (pbl. § 11-8 d)

Formålet med bandlegginga er å sikre areal for framtidig riksveg 5 med tilhøyrande veganlegg. Innanfor bandleggingssona H710 er det ikkje tillate med tiltak er i strid med formålet.

3.3. Faresone for kvikkleireskred (H310_rv.5)

Ved utarbeiding av reguleringsplan for samferdsleanlegg og byggesak innanfor omsynssona skal tryggleik for samferdsleanlegg og områdeskred dokumenterast, jf. krav i NVE rettleiar 1/2019 og gjeldande teknisk forskrift med rettleiing.

3.4. Faresone Flaum(H320_Flaumfare)

Omsynssone syner faresone for 200-års flaum i Nausta med klimapåslag.

Konsekvensar for flaum skal utgreiast i reguleringsplanen, jf. NVE rettleiar 3/2022 Sikkerhet mot flaum.

3.5. Omsynssone naturmiljø (H560_1)

Omsynssone syner område med edellauvskog og hole eiker.

3.6. Omsynssone naturmiljø (H560_2)

Omsynssone syner område som er viktig for fisk og ferskvassorganismar.

Samferdsleanlegget vil krysse omsynssona. Det skal leggast vekt på å redusere negative verknader for laksestamma. Kompenserande tiltak skal vurderast.

4. Område med særskilte føresegner (føresegnsområde)

1. Etablering av ny bade plass (pbl. § 11-9 nr. 1)

I område merkt #rv5_1 i plankartet for KDP rv. 5 Erdal Naustdal skal ein i reguleringsplanen legge til rette for etablering av allment tilgjengeleg bade plass som erstatning for bade stranda ved Erdal.